

Nr. 10 – Råd og rettleiing

Klokkestopul

På gravplassar der det ikkje er kyrkje eller gravkapell med klokke, skal det vere ein frittståande stopul med klokke, sjå § 7 i gravplassforskrifta.

Klokkestoplar er svært ulike, nokre er «berre» eit enkelt klokkeoppheing, andre er høge og smale bygningar med fleire etasjar.



Steinskogen gravlund og Kragerø kirkegård. Foto: Den norske kyrkja/gravplassrådgjevaren.

Generelt om klokkestoplar

Klokkestopulen skal vere frittståande. Ein kan til dømes ikkje montere klokka i ein takryttar på ein driftsbygning.

Klokkeringing er ein del av ordninga ved mange gravferder. Ein klokkestopul er eit samlingspunkt og kan vere ei visuell markering av gravplassen. Klokke og stopul kan ha høg kulturminneverdi. Manuell klokkeringing er ein del av den immaterielle kulturarven.

Oppheng, klokkestol og tårnkonstruksjon må tolde store krefter frå svingande klokker. Det er difor viktig med regelmessig ettersyn og utbetringar av både klokkeoppfeng og konstruksjon. Montering og tilsyn av klokker krev spesialkompetanse.

Bruk av klokker er regulert gjennom dei ulike ordningane for gravferd. Det er ikkje ein del av statsforvaltaren sitt fagområde.

Gravplassmyndigheita bør registrere klokketårn og klokker i Kyrkjebyggdatabasen.

Råd og rettleiing

- Ein bør nytte tradisjonelle materialar og handverksmetoder for å unngå «materialkollisjonar» eller uheldige tekniske konsekvensar. God og kvalifisert førebuing og planlegging av vedlikehald og endring er naudsynt. Bruk aktuell fagkompetanse med erfaring frå samanliknbare bygnader eller konstruksjonar. Når stopulen har ei klokkestove (rommet der klokkene heng), kan ein ofte nytte dei same prinsippa og konstruksjonane som er aktuelle for klokker i kyrkjetårn. Sjå Riksantikvaren sine rettleiingar for bygg og anlegg.
- For å betre arbeidstilhøva for ringaren, kan ein forlenge ringetauet ned gjennom golvet i klokkestova til nivået under eller til bakkeplan, slik at ein kan ringe derifrå. Det er naudsynt å ha godt høryselsvern.
- Klokkestova og tilkomsten til ho, bør ha sikring, til dømes handlist i trappa. Lag gode rutinar for ettersyn av klokkeoppføring og konstruksjonen.
- Montering av automatisk ringanlegg i ein lukka stopul, kan krevje store endringar av klokkestolen, oppføring eller klokkestova i tillegg til dei immaterielle konsekvensane. Ein bør først vurdere andre tiltak, sjå rettleiing frå Riksantikvaren/KA om kyrkjeklokker.
- Klokkestoplar bør ha lynvern, sjå Riksantikvaren sin rettleiing for utvendig lynvernanlegg. Lynvern krev spesialkompetanse.

Nye klokkestoplar

- Ein klokkestopul er eit arkitektonisk element, i mange gravferder har han òg ein sakral funksjon, plasseringa er difor viktig. Stopulen kan til dømes stå ved inngangen til gravplassen, sentralt i midten, på ei forhøgning eller ved avslutninga av ein akse. Klokkestopulen kan gjerne ta visuell merksemd.
- Ein ny stopul bør ha ei formgjeving som svarar til gravplassen sin karakter. Storleiken og styrken må ein tilpasse dei stadlege tilhøva og klokka/ene.
- Nye klokketårn skal vere visuelt livssynsnøytrale.

Gravplassen skal ein halde i hevd og forvalte med slik orden og vørtnad som eigenarten legger til grunn.

Når må ein søke statsforvaltaren?

Om tiltaket er av ein slik karakter eller storleik at det vil endre gravplassen sin eigenart, eller tilhøva for dei som vitjar han, vil det vere ein vesentleg endring som ein må søke statsforvaltaren om, sjå gravplassloven § 4. Ein må alltid søke om følgande tiltak:

- Nye klokkestoplar. Til vanleg søknad i samband med godkjenning av plan for ein ny gravplass. Enkelte gonger er det ønske om å skifte ut ein enkel eller «førebel» stopul med ein ny.
- Større endringar av eksteriøret.
- Montering av automatisk ringeanlegg eller klokkespel.
- Utskifting eller nye klokker.

Er tiltaket søknadspliktig etter andre lovar eller føresegner?

Vær merksam på at nokre tiltak kan vere søknadspliktige etter andre lovar eller føresegner, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova eller kyrkjeordninga for Den norske kyrkja. Ta kontakt med den aktuelle instansen for å avklare dette.

Referansedokument

- Gravplasslova
- Gravplassforskrifta
- Rundskriv Q-06/2020 *Forvaltning av kyrkje, gravplass og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø* (Utgitt av Barne- og familidepartementet og Klima- og miljødepartementet).
- Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter (KA) og Riksantikvarens veileder: [Kirkeklokker. En innføring i funksjoner, historie, bruk, ettersyn og bevaring](#). 2018.
- Riksantikvaren sin rettleiing: [Montering av utvendig lynvernanlegg på kirker](#)
- Riksantikvaren sine rettleiingar (fleire infoblad): [Bygningar og anlegg](#)
- Statsforvaltaren sine temanotat «Råd og rettleiing».



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark